

ULVIK HERAD

SAKSPAPIR

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Utvalssak
Formannskap	20.11.2024	088/24

Sakshandsamar	Arkiv:	Arkivsaknr
Grevstad, Jarle	K2-L12	22/386 - 25

Høyringsframlegg - Detaljreguleringsplan for Holmen - Ulvik herad

Vedlegg:

C_52209134_rapp_Planomtale_detaljregulering Holmen - Ulvik herad
A_52209134_Plankart_Holmen_200924
B_52209134_Detaljreguleringsplan_Holmen_føresegner
F_rapp_naturfare_Holmen
FA_C001_D01
Leveranse detaljregulering Holmen, Ulvik herad - alle plandokument i ei sending
F_52209134_Flomvurdering Holmen i Ulvik
GA_rapp_Støy Holmen
G_Trafikkanalyse - Detaljregulering Holmen
I_20240241-01-TN_Avklaring skredfare Holmen Ulvik_endelig
H_52209130_RIG_R01_J01_Detaljregulering Brakanes sentrum_Geoteknisk datarapport
FA_D001_D01
FA_F001_D01
FA_U001-009_D01
J_brev_kunngjering_oppstart_Detaljregulering Holmen
K_1_Kystverket
K_2_NVE
K_3_Starsforvaltaren
K_4_Vestland_fylkeskommune
K_5_1_Innspel til reguleringsplan Holmen fra Holmen Kulturpark
K_5_2_Område koder Holmen 01052023
K_5_3_Holmen_LJB 27022020
K_5_4_korrigert_uttale_Eyvor_Gyllander
K_6_Høyringsinnspel til Holmen_fleire_partar
K_7_Inge_Børsheim
K_8_Fiskeridirektoratet
K_9_Ulvik IL

Saksutgreiing:

Ulvik herad gjorde på møte den 15.03.2023 vedtak om å starte opp arbeid med detaljreguleringsplan for Holmenområdet. Vedtaket vart gjort på grunnlag av at Ulvik herad i 2019 overtok areala etter Hordaland fylkeskommune avhenda areal som tidlegare har vore nytta til skuledrift.

Saman med idrettsanlegget og friluftsområda, har det vore viktig for heradet og få ein heilskapeleg forvaltning av området, og kunne legge til rette for ny utvikling av områda som tidlegare vart nytta til skuledrift. Holmen kulturpark leigar i dag desse areala av Ulvik herad, med føremål om å etablere eit opplevingsssenter knytt til kultur, historie og hagebruk.

Som følgje av at det avsette planområdet har ein gjennomgåande fylkesveg, har sikker ferdsle langs vegen vore eit av hovudtema. Både friluftsanlegget, idrettsanlegget og Holmen kulturpark, er fasilitetar som genererer publikumsaktivitet, og sikker ferdsle for mjuke trafikantar er derfor løyst ved å regulere inn fortau langs vegen frå Vegaskil til idrettsanlegget.

Viser ellers til dokumentet «Planomtale» for detaljert utgreiing om dei ulike tema i planen.

Vurdering:

Oppstarten av detaljregulering av Holmenområdet vart som nevnt starta som eit resultat av at Ulvik herad overtok areala etter Hordaland fylkeskommune. Først vart det meldt oppstart – og jobba med – ein områderegulering, då hovudføremålet var å få «riktige» arealføremål på dei områda som i reguleringsplanen var avsett til «offentleg eller privat tenesteyting», etter skuledrifta. Områdereguleringa vart etterkvart i arbeidet såpass detaljert, at Ulvik herad valte å melde oppstart på nytt, denne gang for ein detaljregulering.

Reguleringsplan for Holmen vil i sør-vest tangere reguleringsplanen for Tymberneset, og i nord-øst den pågåande reguleringsplanen for «Syslandet». Dette vil resultere i at når begge planane er vedtatt, vil Ulvik herad ha regulert alle bustad- og aktivitetsområder rundt Ulvikpollen, og dermed ha felles «regler» for eventuelle tiltak innan planområda.

Framlegget til reguleringsplan legg ikkje opp til større endringar i den sørlege delen av planområdet, der idrettsanlegg og friluftsområda ligg. Det er stort sett lagt opp til vidareføring av dagens aktiviteter, men med litt meir plan over området, og opning for vidare utvikling.

I områda som tidlegare tilhørde Hordaland fylkeskommune, opnar planframlegget for å tilretteleggje for utvikling av Holmen kulturpark, med tilhøyrande fasilitetar, som parkeringsområde og publikumsmottak.

Som følgje av at fylkesvegen går gjennom bortimot heile planområdet, har sikker ferdsle langs vegen vore tema ein har brukt mykje tid og ressursar på. Norconsult og administrasjonen har hatt ein rekkje møte med representantar frå fylkeskommune/vegvesen, der ein i fellesskap har landa ulike problemstillingar.

Hordaland fylkeskommune satte krav om arkeologiske registreringar i planområdet i samband med oppstarten av områdereguleringa, og desse vart gjennomført i 2022. Det vart ikkje gjort funn ved/rundt Isdahl-huset, men det vart gjort registreringar i området ved Vegaskil. Desse er no registrert inn i registra.

NVE Stilte krav til utgreiing av skredfare – utover den overordna kartlegginga som vart gjennomført i 2018 – for ein liten del av planområdet. Dette utgreiinga vart gjennomført av NGI, som også laga den overordna rapporten frå 2018.

Viser også her til dokumentet «Planomtale» for detaljert utgreiing og vurdering av dei ulike tema i planen.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen på dette stadiet

Klima-/miljøkonsekvensar:

Ikkje på planstadiet.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. I medhald av «Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven-PBL) §12-10, vert framlegg til detaljreguleringsplan for Holmen lag ut til høyring og offentlig ettersyn.
2. Høyringsfristen vert sett til 6.januar 2025

20.11.2024 Formannskap

Redaksjonell endring frå administrasjonen: Høyringsfristen vert sett til 13.januar 2025

Røysting:

Samrøystes vedteken.

FSK - 088/24 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

1. I medhald av «Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven-PBL) §12-10, vert framlegg til detaljreguleringsplan for Holmen lag ut til høyring og offentlig ettersyn.
2. Høyringsfristen vert sett til 13.januar 2025